

Årsmelding Manger IL 2018

Laget sine tillitsfolk og styret sitt arbeid:

Leiar har vore Odd Helge Hagen, og nestleiar har vore Atle Vaage. Styremedlemmar: Johnny Hermansen og Truls Reigstad valde for to år i 2017. Linda Frostad, Tanja Smeding og Kristian Nordalen, valde for 2 år i 2018. Varamedlemmar med møterett: Odd Matre og Robert Mjøs.

Revisorar: Inge Bø og Lillian Myking

Kandidatar til idrettsrådet: Odd Helge Hagen og Tanja Smeding

Utsendingar til idrettstinget: Tanja Smeding og Atle Vaage

Laget har ikkje hatt valnemnd i 2018.

Det er avhalde 6 ordinære styremøte. Styret har i tillegg brukt mail aktivt for fortløpande avklaringar. I tillegg til ordinære styresaker, har mykje av møta handla om den pågåande satsinga på anlegget i Grønålen.

Aktiviteten i klubben:

Handball er i positiv utvikling. Laget har og god aktivitet i Boccia og volleyball. Gruppa for orientering har låg aktivitet. Den årlege trefjellsmarsjen hadde god deltaking trass noko dårleg vær.

Mykje av aktiviteten har elles dreidd seg om dugnad knytt opp mot anlegget. Bocciabana vart ferdigstilt i 2018.

Talet aktive medlemmar herrelag volleyball 14, handball 19, boccia 10, støtte-medlemmar 40.

Økonomi:

Total omsetnad i 2018 var kr 470492. Hovudinntekta kjem frå baneleige og tilskot. Medlemspengane og grasrotandel viser auke.

Sum driftskostnadar har vore 333624, der påmelding lag og utgifter knytt til anlegget i Grønålen er dei største postane. Finanskostnad har vore 80768. Samla gir det laget eit overskot på 56100 i 2018.

Laget har per 31/12 2018 ei gjeldt på 1 186 116 på anlegget i Grønålen, medan eigenkapital er kr 1 054 779. Økonomien i laget må såleis seiast å vera god.

Manger 28.03.2019

Odd Helge Hagen Atle Vaage Johnny Hermansen Truls Reigstad

Tanja Smeding Linda Frostad Kristian Nordalen